

My Midnight Creeps

14. juni 2007 · Florø



07-Kommer-MidnightCreeps

2007

14. JUNI

FLORØ

Frå arkivet

Torsdag, 14. juni 2006

Musikken blir skildra som rå, mektig og tett; sint garasjerock blanda med undergangsprega Mississippi-blues. Tekstane er prega av svartsyn og håplaus kjærleik, og låta "Don't Let 'Em Bring You Down" har blitt ein favoritt hos mange. 2007 ser ut til å bli supergruppa sitt år, og ingen norske band kjem nærare betegnelsen enn My Midnight Creeps. I tillegg til Cagehill (Burås) og Alex Kloster-Jensen, består gruppa av saxfantomet Dag Stiberg fra kritikerroste Quarter Past, den bejubla fotografen Behzad Farazollahi som manisk trommeslager, percussion og trommemannen Anders Møller som leverte sjølve lurvelevenet i Kåre & the Cavemen, og Raymond Jensen som leverer alle bassgangars mor. Dette blir eit høgdepunkt!

OM MY MIDNIGHT CREEPS

Siste band ut blir omtala som eit av årets beste festivalband i 2007 på landsbasis! My Midnight Creeps oppsto for to år sidan, då to av Noregs mest profilerte rockegitaristar, Robert Burås og Alex Kloster-Jensen hadde utgjevingsfritt år frå sine respektive band, Madrugada og Ricochets. Bandet debuterte med eit sjølvtitulert album i 2005, og blei belønna med Spellemann-nominasjon og gode kritikkar. Nykommaren «Histamin» som kom ut i mars i år, har vidare løfta bandet til nye høgder!



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 113.